



Bryggjinga igong laurdag - bryggjarane er samla rundt silen. Berre verten Magne Huglen er fråverande og bryggjarane er Kristin Bringedal, Kjell Yri, Bjarne Lilleaas, Kjell Tungesvik, Vidar Haugland, Ragnvald Myklebust, Reidar Myklebust og Kjell Magne Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Humlepungen Bryggjarlag var samla til bryggjing på Dønhaug laurdag og bryggjarane er ikkje snauare enn å hevda at dei la grunnlaget for det beste juleølet dei har laga nokon gong! Dei kjem med påstanden i invitasjonen til Uppskoka som blir avvikla i Dønhaugkjedlaren laurdag 21. november.**

Kva er så Uppskoka, spør du kanskje. Jau, det er det som skjer når ølet skal tømast or bryggjekjeret og fyllast på kaggar. Bryggjarane kallar det ei høgtid og i kjedlaren blir det lagt opp til eit spenstig program denne kvelden.

Humlepungen har kolleger i Røyrvikjo på Sunde og Avkroken Bryggjarlag er gjester denne gongen. Dei har lova å koma med kreative innslag.

Så blir det irsk musikk ved Sussi Bodin, Leif Kjellesvik og Ragnvald Myklebust og ein fotomontasje frå den nyleg avvikla studieturen til Edinburgh.

Prøvesmakinga er eit sjølvsgagt høgdepunkt og bryggjarane minnar om at det skal vera 7 ulike smakar!

Mykje allsong og helsingar frå inn- og utland står også på programmet og bryggjarane trur det kjem mange til kjedlaren denne laurdagskvelden - slik det plar gjera.

Av Ola Matti Mathisen